



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for Smågevatnet naturreservat

Aukra kommune



A photograph of a serene lake nestled among rolling hills covered in green vegetation. The water is calm, reflecting the surrounding hills and a clear blue sky. In the foreground, there's a dense growth of low-lying shrubs and small trees. A small white rectangular box containing the text is positioned in the lower-left corner of the image.

Rapport 2010:01

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

| |
|--------------------|
| Rapport nr: |
| 2010:01 |
| Dato: |
| 24. februar 2010 |

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR SMÅGEVATNET NATURRESERVAT

Forfattar:

Ragna Sortland, miljøvernnavdelinga, fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltingsplan for Smågevatnet naturreservat i Aukra kommune er med heimel i kap VII og IX i verneforskrifta godkjend av fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Referat:

Smågevatnet naturreservat blei verna i 1988 som ein del av verneplan våtmark for Møre og Romsdal. Føremålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyremakt for reservatet.

Området består i hovudsak av Smågevatnet, det største ferskvatnet på Gossen, og store delar kystlynghei. Det er ei målsetjing at dette kulturlandskapet i reservatet skal drivast i tradisjonell stil, med brann og beiting med sau. I tillegg bør framande artar som sitkagran fjernast, sidan det særlig er gjengroing og framande artar som trugar verneverdiene i reservatet. Ei rekke fugleartar som før var vanlege er no sjeldsynte i reservatet, og vi håpar at systematisk skjøtsel over tid vil legge til rette for at fuglelivet tar seg opp igjen.

Smågevatnet naturreservat overlappar med Småge friluftsområde, og det er ei målsetjing å legge til rette for friluftsliv som ikkje kjem i konflikt med verneformåla. Smågevatnet naturreservat er eit flott område med stor rekreasjonsverdi for allmeheten i Aukra.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

| | |
|---|--|
| Emneord: Naturvern, naturkvalitet, forvaltingsmål, bevaringsmål, skjøtsel, fugl, våtmark, biologisk mangfold. | ISBN (Pdf utgåve): 978-82-7430-171-9 ISBN (Papir utgåve): 978-82-7430-170-2 ISSN 0801-9363 |
|  Ulf Lucasen Seksjonssjef |  Per Fredrik Brun Direktør miljøvernnavdelinga |

FORORD

Smågevatnet naturreservat i Aukra kommune blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Forvaltingsplan for området er utarbeida som eit ledd i arbeidet med å lage forvaltingsplanar for dei mindre verneområda i fylket. Målet med forvaltingsplanen er å utdjupe verneforskrifta og klargjere brukarinteresser og behov for skjøtsel. Planforslaget har vært ute på høyring.

Det er ei satsing frå fylkesmannen si side å sikre verneverdiane i Smågevatnet naturreservat. Denne planen bør sjåast som eit forsøk på å ta i vare dei biologiske og kulturelle verdiane vi finn her og som vi ynskjer å gjere meir synlege for allmenheten i Aukra. Som følgje av endringar i naturtilstanden i Smågevatnet naturreservat dei seinaste åra har fylkesmannen sett behovet for tiltak for å sikre verneverdiane i området. Mellom anna skjøtsel av kystlyngheia er eit sentralt tema i planen, og vi håpar at tiltak med kompetansebygging og langsiktig samarbeid med lokale krefter vil gi gode resultat over tid. Dette er den første forvaltingsplanen som er laga for Smågevatnet naturreservat, og vi opnar for revidering av planen etter å ha prøvd den i praksis i nokre år.

Dette vedtekne planen er i hovudtrekk i samsvar med forslaget Fylkesmannen i Møre og Romsdal sendte ut på høyring. Vi håper at planen er både oppklarande og informativ for alle interesserte. Fylkesmannen vil også nytte anledninga til å takke alle involverte for godt samarbeid.

Planen er utarbeidd av Ragna Sortland ved fylkesmannens kontor, for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

Molde, 24. februar 2010

INNHOLD

| | |
|--|----|
| FORORD..... | 6 |
| 1 INNLEIING | 8 |
| 2 SKILDRING OG STATUS | 10 |
| 2.1 Områdeskildring | 10 |
| 2.2 Eigedomsforhold | 10 |
| 2.3 Brukshistorie..... | 11 |
| 2.4 Naturfaglege verdiar | 11 |
| 2.5 Bevaringsmål | 15 |
| 3 BRUKARINTERESSER | 17 |
| 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser..... | 17 |
| 3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk..... | 17 |
| 3.3 Jakt og fiske | 18 |
| 3.4 Friluftsliv og rekreasjon..... | 19 |
| 3.5 Undervisning og forsking | 21 |
| 3.6 Bygningar og tekniske inngrep | 21 |
| 4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK..... | 22 |
| 4.1 Skjøtsel og forvaltingstiltak..... | 22 |
| 4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar | 25 |
| 4.3 Informasjon og tilrettelegging | 26 |
| 4.4 Oppsyn..... | 26 |
| 5 SAKSHANDSAMING | 27 |
| 5.1 Forvaltingsstyresmakt..... | 27 |
| 5.2 Lovverk, føringar og forvalting | 27 |
| 6 FORVALTINGSPLANENS TIDSPERSPEKTIV | 30 |
| 7 REFERANSAR..... | 31 |

Vedlegg

1. Verneforskrifta for Smågevatnet naturreservat
2. Kart over området med teiknforklaring
3. Observerte fugleartar i Smågevatnet naturreservat
4. Forvaltingsoppgåver og tiltak, tabell
5. Informasjonsskiltet for Smågevatnet naturreservat
6. Saksbehandling for forvaltingsplan

Framsida: Oversiktsbilde av Smågevatnet naturreservat tatt frå sørvest med Småge kai i forgrunnen (foto: Øyvind Leren, 2002).

Med mindre anna er oppgitt er alle biletene tatt av Miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

1 INNLEIING

Smågevatnet naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er; ”*å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv*”.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyremakt for naturreservatet. Dette er den første forvaltingsplanen som er utarbeidd for reservatet.


Smågevatnet naturreservat ligg på vestsida av Gossen i Aukra kommune. Verneområdet omfattar Smågevatnet som er det største ferskvatnet på Gossen, samt ein del kystlynghei og mindre myrar, og litt kystlinje med nokre små holmar og skjær. Smågevatnet er hekke- og rastelokalitet for ei rekke fuglar, og er i seg sjølv botanisk interessant grunna stor næringsrikdom. Det finst nokre få sauher og litt storfe på beite i delar av reservatet, men dei siste tiåra har den tradisjonelle bruken av området endra seg med det resultat at landskapet også har endra seg noko. Småge friluftsområde overlappar delar av Smågevatnet naturreservat og sett preg på arealbruken inne i verneområdet.



Oversiktskart over Gossen i Aukra kommune med grenser til verna område markert med grønt. Smågevatnet naturreservat er skravert med grønt (Norge Digitalt).

Forvaltingsplanen for Smågevatnet naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvalting av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafor området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltinga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyremakt. I

naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet.



Oversiktskart over Smågevatnet naturreservat med tilgrensende områder med innteikna ferdsselsforbodssone og tursti over Brensen.

Forvaltingsplanen for Smågevatnet er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap 4-6) omhandlar forvaltungmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslårte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Smågevatnet naturreservat er eit lite område i areal, men representerer en viktig leveplass og kvilestad for fleire sårbare og trua fugleartar. Området har stor opplevingsverdi for publikum.

For å sikre område som er særlege viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydeleggje dei. Mangfaldet av artar og naturtypar vert i stor grad påverka negativt av menneskeleg aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Å ta vare på naturverdiar gjennom plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkingsfaktorar. Å verne område som Smågevatnet etter naturmangfaldlova gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet.

2 SKILDRING OG STATUS

Verneforma

Hovudformålet med vern som naturreservat er bevaring av særleg urørt natur eller spesielle naturtypar. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

2.1 Områdeskildring

Smågevatnet naturreservat består av dei vestlegaste nesa vest for Røssøyvågen på Gossen i Aukra kommune. Området dekkjer eit areal på 1099 daa, av dette er 368 daa vassareal. Høgste punkt, Brenslen, er 34 moh.

Smågevatnet naturreservat består av småkupert og ope kystlandskap med lyngmark og knausar, med moderat innslag av myr i lågtliggende felt og relativt lite bart fjell. Senkingane i terrenget går i austvestleg retning og gir sør- og nord vendte skråningar. Nord i området finst eit lite område med brakkvasspollar, og langs sjøen er det fleire grunne bukter og vågar med små strandenger som brukast som beite for sau. Kjerneområdet i naturreservatet er Smågevatnet, som er den største førekomensten av ferskvatn på Gossen. I vestenden av vatnet er det ferdsselsforbod 1. april til 31.august. Det går ein mykje nytta tursti fra Småge kai sørvest i området til Trollhammaren i aust, sjå kap 3.4.

Området har tynn lynghumus på ryggar og høgder, noko djupare jord nokre stader i sør vendte skråningar. I sjøen utanfor naturreservatgrensa ligg fleire holmar. Berggrunnen er migmatittisk gneis, eklogitt og amfibolitt.

Området har oseanisk klima med milde vintrar og relativt låge sommartemperaturar med eit gjennomsnitt pr år på ca 8°C. Gossen ligg i den sterkt oseaniske seksjonen, humid underseksjon, i den sør boreale vegetasjonsona. Gjennomsnittlig nedbørsmengd per år er ca 1200 mm, og det er ca 220 nedbørsdøgn.

2.2 Eigedomsforhold

Smågevatnet naturreservat gjeld i følgje verneforskrifta følgjande Gnr/Bnr: 4/1, 3, 4, 6 og 9. Oppdatert informasjon frå Matrikkelen viser at det pr 01.08.09 dekkjer heilt eller delvis følgjande Gnr/Bnr: 4/1, 2, 3, 4, 37 og 83. Vernegrensa er ikkje merka opp korrekt i terrenget, dette må korrigeraast for i samsvare med den juridiske grensa. Sjå kap 5.2 og vedlegg 2 for kart over reservatet med eigedomsgrenser.

2.3 Brukshistorie

Kystlynghei er eit samleomgrep for trelause, lyngdominerte heiars langs kysten. I Noreg vert dei danna alt for ca 4000 år sidan av menneske som bla trong beiteområde for husdyr, særleg vinterstid. Dei vart danna og halde ved like ved brenning, beite og slått. Smågevatnet naturreservat er ein del av eit slikt gammalt beiteområde for sau, men rundt Smågevatnet har det også vore tradisjon for å ha storfe. Den tradisjonelle bruk av kystlyngheia her fortsette omrent fram til andre verdskrig, men har vore meir sporadisk dei siste tiåra. Kystlynghei er ein menneskeskapt naturtype og er derfor avhengig av skjøtsel for å bestå. Det er funne spor etter uttak av torv i myrane.

Under 2. verdskrig var det stor aktivitet på Gossen. Tyskarane nytta fleire lokalitar på øya, mellom anna bygde dei ein flyplass her. I Smågevatnet naturreservat er det framleis mogeleg å finne spor etter tysk krigsaktivitet. Fleire mindre betongkonstruksjonar i samband med vassreguleringa deira av Smågevatnet står att aust for vatnet. Men vatnet har vært regulert også før tyskarane si tid, og det står rester etter eit gammalt kvernhus i elveosen. Restar av gammal piggråd ligg fleire stader rundt vatnet, særleg rundt austenden.

Det finst ikkje kjende automatisk freda kulturminne i reservatet.

2.4 Naturfaglege verdiar

Den naturfaglige informasjonen her er stort sett henta frå forarbeida til vernet og Aukra kommunes naturtypekartlegging ved John Bjarne Jordal frå 2000. Munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap er tatt med i tillegg. Sjå òg referanselista. Smågevatnet med tilgrensande område blei omtala i Møre og Romsdal fylke sitt verneforslag frå 1982 om våtmarksområde i fylket. Hensikta med rapporten var å kartlegge behov for vern av våtmarksområde og fremme forslag om vern av dei viktigaste av omsyn til både plante-, fugle- og dyreliv. Vern er særleg naudsynt for å sikre viktige hekkeplassar, trekk- og overvintringsplassar og andre viktige område for våtmarksfugl. Reservatet er kategorisert som E08 Rik kulturlandskapssjø – kalkfattig utforming, kategori A (svært viktig).

Fugle- og dyreliv

Smågevatnet med tilgrensande område blei omtala i Møre og Romsdal fylke sitt verneforslag frå 1982 om våtmarksområde i fylket. Formålet med rapporten var å kartlegge behov for vern av våtmarksområde og fremme forslag om vern av dei viktigaste av omsyn til både plante-, fugle- og dyreliv. Vern er særleg naudsynt for å sikre viktige hekkeplassar, trekk- og overvintringsplassar og andre viktige område for våtmarksfugl. Smågevatnet er særleg interessant med tanke på hekkeplass for våtmarksfuglar, men blir også nytta som rastepllass under trekket. Det er ein god hekkebestand av grågås og fleire grasender, samt innslag av meir kravfulle artar som sothøne og toppand. Det er særleg Smågevatnet som er viktig for

fuglemangfaldet, både som hekke- og rastepllass, men fleire sjeldsynte artar av sjøfugl er også observert i Teistholmbukta. Det er sitteplassar for havørn fleire stader i reservatet. Det kan verke som både mengde og mangfald av fugl har gått ned dei siste tiåra. Nokre artar som tidlegare var vanlige er no fråverande i hekketida. Nedgang i bestandane av fugl knytt til våtmarksområde er ikkje eit isolert fenomen for Smågevatnet. Ni av artane er registrert på raudlista. Sjå vedlegg 3 for detaljar. Registreringane av fuglebestanden er ikkje regelmessige og difor mangelfulle, og ny artskartlegging er naudsynt, sjå kap 4.1.



Stokkand ved Smågevatnet

Vatnet har vore fiskefritt i nyare tid etter at det blei regulert i vestenden og stengt for oppgang av aure. Dette har gitt svært gode næringsforhold for fleire fuglar som dykkender (til dømes toppand, bergand, havelle, svartand og sjørre), grasender (til dømes stokkand, brunnakke og krikkand), vasshøner (til dømes sothøne og sivhøne) vadefuglar (til dømes rødstilk) og vannrikse. Spesielt om våren når mygglarvene klekker er desse andefuglane aktive i slike fisketomme vatn, og får mykje næring til nyklekte ungar som er naudsynt for at dei skal vekse til, i tillegg er tilgang på botndyr viktig. Fisk deler menyen til fuglane, og nærvær av fisk vil altså redusere sjansane for vellykka hekking i slike område. Grasender er noko mindre utsette for slik konkurranse enn andre fuglar fordi dei har ein brei meny der vegetasjon er vanlig kost, men under hekking og rusing er også dei avhengige av animalsk føde. I Møre og Romsdal er det anadrom laksefisk i dei fleste vatna, derfor er fisketomme vatn populære og viktige blant kravstore ender og naudsynt for å halde oppe sunne bestander av desse. Smågevatnet er eit slikt sjeldsynt fisketomt vatn og her er det mogeleg å få sjå fuglar som elles kan vere vanskjelege å finne.

Hjort, rådyr, oter og villmink er andre vanlege artar innafor reservatet. Smågevatnet naturreservat er vidare den mest artsrike lokaliteten for augnestikkarar i Aukra kommune, med åtte kjende artar knytt til Smågevatnet og brakkvasspollane.

Vegetasjon

Aukra kommune kartla naturtypane i kommunen i 2002 etter DN handbok 13. Av rapporten går det fram at Smågevatnet naturreservat består av dei fire naturtypane rik kulturlandskapssjø, kystlynghei, rik edellauvskog og brakkvasspoll. I bukter i området er det mindre område med strandeng som ikkje er fanga opp i den kommunale naturtypekartlegginga. Kulturlandskapssjøen har verneverdi *svært høg*, medan dei tre andre naturtypane har verneverdi *høg*. Samanlagt gir dette Smågevatnet naturreservat *høg* verneverdi med naturtypar som vurderingsgrunnlag.



Vestenda av Smågevatnet i april og juli



Smågevatnet naturreservat består av bergrabbar og knausar med forholdsvis tynt lynghumuslag. Arealet vert dominert av Smågevatnet med tilhøyrande myrområde (ca 20 %) og kystlyngheia omkring (ca 30 %). Vatnet er lite, grunt, vegetasjonsrikt og frodig med store snelle- og starrfelt, og med rikeleg flytebladsvegetasjon og undervassplanter. Artar som elvesnelle, grastjønnaks, andemat, mannasøtgras, soleinøkkerose og myrhatt er funne her. Desse og andre kravfulle planteartar indikerer stor næringsrikdom.

Lyngheia er dominert av røsslyng med mellom anna klokkelyng, mjølbær, urter og innslag av gråmosehei. Lyngen er 10-50 cm høg og er stort sett i moden-, gamal- og degenereringsfasar. Det er ein del myr i lyngområda, med fleire gras- og starrartar.

Elles er området temmeleg vegetasjonsfattig, men i den sørveste skråninga inst i Søre Vågen er det eit lite felt av edellauvskog. Her står ein hasselskog med tilhøyrande varmekjære artar som svensk asal, rognasal, mispel og kjøtnype, og i undervegetasjonen finst blant anna knollerteknapp, brunrot, fagerperikum, krattlodnegras og kusymre.

I nærleik til hasselskogen, like innafor stranda i Søre Vågen, ligg det òg nokre brakkvannspollar. Dei er små, men aukar variasjonen i området. Det er funne pølstarr, fjøresivaks, busstjønnaks, småsivaks og småblærerot. Busstjønnaks er ein raudlista brakkvassart. I myrtjønna ovafor, som er bortimot ferskvatn, er det funne grastjønnaks, småblærerot, tusenblad, hesterumpe og fjøresivaks. På grunn av dei varierande naturtypane er verneområdet samla svært artsrikt.



Brakkvannspoll ved Søre Vågen

Truslar

Det har vore ein markert tilbakegang i fleire av våtmarksartane av fugl som var vanlege i området tidlegare, og fleire artar er no sjeldsynte. Nokre artar har relativt stabil bestand og ein

del artar har auka sin førekommst. Grunnane for endringar i fuglebestandane er truleg samansette og både lokale og regionale. Det finst ikkje systematisk datamateriale på endringar i fuglebestanden i verneområdet, derfor kan ein berre anslå endringar som generell trend. Det er eit mål at mengde og mangfald av hekkande fugl i området skal auke med meir regelmessig og målretta skjøtsel. Særleg gjeld dette artar som er i tilbakegang regionalt og nasjonalt. Det er observert at fuglar har flytta hekkelokalitet frå fjell- og lystgrunn ut i myrlende, truleg for å unngå mink. Det har òg vore sett ut fisk i Smågevatnet. Fisk vil vere ein næringsskonkurrent til fleire fugleartar og er ut frå verneformålet eit uheldig innslag i vatnet. Villmink er etablert på Gossen og kan vere ein alvorleg trussel mot hekkande fugl. Sidan både oter og villmink er etablert i området og dei konkurrerer om same ressursane, er det uvisst kva størrelse det er på villminkbestanden.

Det var fleire mindre felt med sitkagran innafor verneområdet, men desse er fjerna vinteren 2010. Det er likevel antakelig ein stor frøbank i bakken i og rundt der dei sto, i tillegg er det òg spreiingsfare inn i reservatet frå sitkagranfelt rett utanfor reservatgrensa. Den innførte asiatiske arten rynkerose er også ein art som spreier seg kraftig, og den kveler lågare plantar.

Rynkerose

Rynkerosa har vore planta som prydbusk i Noreg alt frå 1800-tallet, og finst i dag i forvilla tilstand over store delar av landet. Ho har svært stor spreiingsevne og formeirar seg både vegetativt, med rotskot, og med frø frå nypene. Fordi ein rotbit på nokre cm er nok til at rynkerosa spirer på nytt, er ho svært vanskeleg å fjerne mekanisk. I den norske Svartelista er rynkerosa i kategori Høg Risiko. Les meir på www.artsdatabanken.no.



Sitkagran

Denne grana er det utanlandske treslaget som i størst utstrekning er planta i kyst-Noreg, og plantefelta er svært vanlege heilt nord til Troms. Ho har stor spreiingsevne og fortrenger annan vegetasjon. Trea kjennes på den blågrøne fargen på nālene og på den skjellete stammen. Ho er førebels ikkje kategorisert i Svartelista. Les meir på www.artsdatabanken.no.



Rynkerose er etablert på ein lokalitet i verneområdet, og arten har stort potensiale for spreiing. Etableringa av rynkerose er framleis ikkje kome lengre enn at ho kan stoppast ved mekanisk rydding, men da er det viktig å rydde meir enn ein gong per sesong for å unngå eit utal nye rotskot.

Smågevatnet er truga av attgroat, særleg i vestre del, men det er ikkje kjent at dette er eit resultat av forureining. Snarare er det vanleg for denne type vatn som frå naturen si side er næringsrike. Smågevatnet treng altså førebels ikkje skjøtsel. Vatnet har vore oppdemma så lenge at dagens vasspeil med tilhøyrande biologi er å sjå som vatnet sin naturlege tilstand.

2.5 Bevaringsmål

"Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv". Verneforskrifta punkt III

Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for reservatet. Verneføremålet viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet.

I denne planen er naturkvalitetane i Smågevatnet naturreservat samla i tre kategoriar. For kvar naturkvalitet er det definert eit bevaringsmål, sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Nokre av bevaringsmåla er derfor å skaffe meir kunnskap. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvalting, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år, sjå kap 6.

Naturkvalitet

Ein naturkvalitet dei verdiane ein spesielt ønskjer å ta vare på i eit verneområde. Det kan vere spesielle naturtypar, artar, geologiske førekommstar eller landskapskvalitetar.

Spesifisering av naturkvalitetar vil ofte utdype og presisere verneformålet for området.

Forvaltingsmål

Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan òg bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekommst av bestemte arter.

Det vil vere av interesse å bevare karakteren av open kystlynghei i området, og området bør skjøttast for å oppretthalde denne naturtypen. Kystlynghei er ikkje å rekne som våtmark og fell slik sett ikkje inn under verneformålet for reservatet. Naturtypen er likevel truga både nasjonalt og regionalt av attgroing på grunn av opphøyre av tradisjonell bruk og hevd, og av fleire grunnar vil det vere aktuelt å prioritere denne naturkvaliteten i dette reservatet gjennom aktiv skjøtsel, jamfør kapittel 4.1.

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Smågevatnet naturreservat

| | Naturkvalitet | Bevaringsmål | Tiltak | Overvaking |
|------------|--|--|--|--|
| Fugleliv | Hekkelokalitet for grasender, dykkender og riksefugl | Årleg vellykka hekking av fleire par av grasender, samt minst eit par av dykkender og riksefugl i reservatet | Merke området med ferdelsforbod og kanalisere ferdsel utanfor det området Informere om hensikta med ferdelsforbodet | Jamleg kontroll av reservatet for å følgje tiltak, utviklig og konsekvensar av skjøtsel. |
| | Rasteområde for våtmarksfugl | Oppretthalde potensialet for beite for trekkande våtmarksfuglar som dykkarar, dykkender og grasender | Fellefangst av mink. Fangst skal koncentrerast i tidsrom før hekkesesongen startar | |
| Vegetasjon | Kystlynghei | Tilbakeføre og oppretthalde karakter av open kystlynghei egra for tradisjonelt beite Bevare kystlyngheia fri for framande artar | Områda må skjøttast ved brenning og beite for å fjerne gammal, forveda røsslyng og legge til rette for ny plantevekst. All beita lynghei bør brennast med 25 års intervall Fjerne framande artar som sitkagran og rynkerose og hindre nyetablering Kontrollert brenning tidleg på året. Tidspunktet må vurderast kvart år | |

3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillate i Smågevatnet naturreservat. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg 1.

Det er særleg nokre kapittel i verneforskrifta som gir retningslinjer for forvaltinga. I kapittel IV går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillate innafor reservatet. I kapittel V er det omtala dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i kapittel IV, mens det i kapittel VI går fram kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i kapittel IV, og som ikkje er nemnt i kapittel V eller VI er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan likevel gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfeller etter dispensasjonsforskriftene i § 48 i naturmangfaldloven. Tolking av forskrifta er nærmare omtala i kapittel 5.2.



Norsk utegangarsau

3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

Det er ikkje dyrka mark i naturreservatet. Omrent 80 % av landarealet i det verna området vert nytta som beiteområde for sau og storfe (høvesvis 60 % og 20 %). Per 2009 går omrent 50 vinterdyr av gammalsau på beiteområda rundt Søre Vågen, og 15-20 storfe på sørssida av Smågevatnet, ved Blåbærhaugen og Sporvehaugen. Fylkesmannen har ein avtale med Mork Utegangar om bruk av deler av reservatet til utegangarsau. Kontrakten mellom Mork Utegangar og fylkesmannen skal revurderast kvart 10. år. Grunneigarane har beiterett på eigedommane som inngår i reservatet.

Verneforskrifta for Smågevatnet naturreservat opnar ikkje for landbruk av noko slag, anna enn til beite,jf kapittel V. Fordi kulturlandskapet i Smågevatnet naturreservat er eit resultat av at det har gått beitedyr her i lang tid, er beiting ein viktig del av vernet for å kunne oppretthalde verneverdiane. Sidan tradisjonell skjøtsel av området har opphøyd, er området no prega av gjengroing. Avgrensinga av beiteområdet strekk seg utover grensene for verneområdet og omfattar mellom anna Røssøya i nord.

Det er planta nokre sitkagran med det føremål å få le i området, men jordsmonnet er for grunt til at det er eigna til planting av produksjonsskog. Det er spor etter uttak av torv i nokre av myrane. Ein bekk renn frå eit jordbruksområde i nærleiken inn i Smågevatnet, vasskvaliteten verkar ikkje forureina.

Forskriftene i kapittel IV er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande gjerde, men



Rognholsvika

oppføring av nye, faste gjerde er søknadspliktig. Oppsetting av flyttbare gjerde, til dømes el-gjerde, krev ikkje dispensasjon frå forskrifta, sjå kap 5.2. Ifølgje kapittel IV er det ikkje lov å drenere eller på anna måte tørrleggje areal i naturreservatet. Det er ikkje tillate å gjødsle, nytte plantevernmiddel eller innføre nye planteartar, og *"all vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging"*, det er altså også forbode med til dømes taretråling.

Forvaltingsmål for primærnæringa

- Opprette eit beiteregime som gjer at naturkvalitetane i kystlyngheia vert oppretthalde. I område som er attgrodd er det eit mål å restaurere eit landskapspreg med skjøtta kystlynghei

3.3 Jakt og fiske

Det er ikkje lovleg å drive jakt og fangst innafor naturreservatet, men området er med og dannar grunnlag for kvota på fellingsløyve for hjort og rådyr i Gossen storvald. Dyra i kvoten kan ikkje takast ut i reservatet eller i Småge friluftsområde.

Det har tidlegare vore sett ut fisk i Smågevatnet. Verneforskrifta opnar ikkje for dette, ref kap IV punkt 3, derfor vil det ikkje bli gitt løyve til å sette ut meir fisk i framtida. Vatnet har høgare biologisk verdi dersom det er fiskefritt. Det er ikkje mogeleg å gyte i vatnet for den fisken som eventuelt måtte finnast i vatnet no, derfor reknar ein med at bestanden vil døy ut av seg sjølv. Det er ikkje oppgang av sjøaure til vatnet. Forskrifta opnar heller ikkje for endringar i vassreguleringa for å legge til rette for oppgang av slik fisk.

Ein mistenker at villmink gjer skade på hekkande fugl i reservatet, men det er usikkert kor stor minkbestanden er eller kva som er omfanget av eventuelle skadar. Dette bør kartleggast ved prøvefangst og eventuelle tiltak settast i gang dersom det viser seg at mink representerer eit omfattande problem. Slik fangst bør skje med slagfelle Jakt med våpen bør ikkje førekommme i Smågevatnet naturreservat.

Verneforskrifta seier klårt i kapittel IV at ”*Alt vilt, medrekna hi, reir og egg, er freda mot all form for skade og øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode*”. Unntaket er fangst av villmink, som ein trur gjer skade på fuglebestanden, særleg i hekketida.

Det finst fleire fine fiskeplassar langs sjøen både i naturreservatet og i friluftsområdet. Fiske er lovleg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Dette inkluderer fiske etter hummar, krabbe og skjell, sjå kap 5.2.

Forvaltingsmål for jakt og fiske

- Smågevatnet skal haldast fritt for fisk
- Bestanden av villmink skal reduserast

3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Smågevatnet naturreservat overlappar med Småge friluftsområde, og blir i utstrakt grad nytta som tur- og rekreasjonsområde. Hovudattraksjonen i reservatet er turstien som går frå Småge kai til Trollhammaren, den vert nytta dagleg. Stien er under utbetring for å få den jamnare i bratt og ulendt terreng og få den heva over vassflata i myrområda. Det er også tilrettelagt for meir stadbunden aktivitet i austenden av Smågevatnet, under Trollhammaren. Her står det ein gapahuk og ein grill, og det er lagt til rette for kanobruk med mellom anna ei flytebrygge på den delen av Smågevatnet som ikkje er omfatta ferdsselsforbodet. Her ligg det og ein parkeringsplass og eit toalett rett utafor reservatgrensa. Bruken av området aukar truleg som følgje av denne tilrettelegginga for friluftsaktivitetar og gjer området til eit attraktivt friluftsområde for innbyggjarane på Gossen. Fordi det også finst rikeleg med ferskvatn på fastlandet er det lite truleg at Smågevatnet naturreservat får mykje besök frå andre kommunar for aktivitet knytt til sjølve vatnet.



Det er tilrettelagt for friluftsliv i delar av reservatet, her ved Trollhammaren




I reservatet er det bandtvang for hundar heile året

Den vestre delen av Smågevatnet har ferdsselsforbod i trekk- og hekketida frå og med 1. april til og med 31. august, derfor er det viktig at aktivitet i reservatet vert styrt utanfor dette området. Over området med ferdsselsforbod går det tråkk nytta av rådyr og sau, dette bør ikke kunne forvekslast med stiar for menneskeleg ferdsel. Fugl som hekkar i området er avhengig av ro i hekkesesongen. Småge friluftsområde overlappar ikkje med området for ferdsselsforbod.

Det er bandtvang for hund heile året i Smågevatnet naturreservat av omsyn til fuglelivet. Alle skilta som viser reservatgrensa skal derfor utstyrast med ekstraskilt som opplyser om bandtvangen.

Verneforskriftene går føre friluftslova og Allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen derfor bli prioritert over friluftsinteresser ved ei eventuell konflikt. Forskriftene som er aktuelle i samband med friluftsliv er omtala i kapittel IV punkt 4 og gjer klar rettleiing for kva aktivitetar som er ulovleg; ”*Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode. Bruk av seglbrett er forbode. Camping, teltslagning og oppsetting av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.*”



Smågevatnet naturreservat (rød) og Småge friluftsområde (blå). (Norge Digitalt)

Elles er det nemnt i forskrifa at det er unntak frå vegetasjonsfredinga når det gjeld sinking av matsopp og bær (nemnt i kap V punkt 4). Det er likevel viktig å huske at all vegetasjon er freda, og plukking av til dømes blomster og mose er ikkje lovleg. Etablering av nye stiar krev

dispensasjon frå forskrifta, og slike tiltak må eventuelt vurderast opp mot føremålet med vernet. Sjå også *Forståing av unntak frå forskrifta* kap 5.2.

Forvaltingsmål for friluftsliv og rekreasjon

- Området skal kunne nyttast som frilufts- og rekreasjonsområde, med hovudtyngda av aktivitet langs stien
- Området med ferdelsforbod må sikrast mot ferdsel ved merking, til dømes ved stenging av stiar og tråkk, både til lands og på vatnet
- Forstyrringa av fuglelivet bør generelt haldast på eit minimum, det er viktig at informasjon om området vektlegg betydinga området har for fuglelivet

3.5 Undervisning og forsking

Med unntak av to identiske informasjonstavler om Smågevatnet naturreservat er ikkje området spesielt tilrettelagt for undervisning og forsking. Men området er lett tilgjengeleg grunna nærleik til to vegar, og har stort potensiale for slik aktivitet. Det ligg til rette for å ha undervisning i området i store delar av året, særleg for med mindre grupper av elevar. Både plassering, størrelse og dei tilretteleggingar som er gjort i samband med friluftsområdet tyder at undervisning i fleire fag kunne vere aktuelt. For forskingsføremål er området også lett tilgjengeleg, relativt nær både Ålesund, Molde og Kristiansund.

Når skjøtsel av lyngheia i reservatet er kommen i gang kan ein sjå for seg at området kan bli svært interessant som studie- og opplevingsområde for skjøtta lynghei.

Forvaltingsmål for undervisning og forsking

- Det skal leggast til rette for undervising, formidling og forsking innafor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformåla for reservatet
- Det er eit mål å gjere Smågevatnet naturreservat til eit typeområde for skjøtta lynghei i Møre og Romsdal¹

3.6 Bygningar og tekniske inngrep

Av tekniske inngrep finst det restar etter tysk aktivitet i området under krigen i form av enkle, mindre betongkonstruksjonar som vart bygd i samband med vassreguleringa av Smågevatnet, samt nokre gamle øydelagde gjerde. Tre nyare gjerde som er i bruk i dag går gjennom området. Nord i området, langs Søre Vågen, har det gått ein kraftleidning i austvestleg

¹ Det er i samband med den nye Naturmangfaldlova vedtatt å kartleggje naturtypar i Noreg og verne eit utval av kvar av dei utvalde prioriterte naturtypane. Skjøtsel i slike utvalde områder skal vere intensiv og omfattande, og oppfølging av skjøtselen skal skje jamleg. Det er per dags dato ikkje klart kva typar natur som blir prioriterte.

retning. Restar etter denne i form av avsagde leidningsstolpar og støttestag av jern står igjen. Frå nyare tid står det ein gapahuk og ei lita brygge ved Trollhammaren.

Det er ikkje lovleg med inngrep som kan endre dei naturlege tilhøva i reservatet, og i kapittel IV i vernereglane er det nærmere spesifiser kva aktivitetar som fell innunder denne. Opplistinga er ikkje fullstendig. Det finst nokre unntak, dei er lista i kapittel V, som blant anna omfattar ein del spesifisert sikringsarbeid og vedlikehald av eksisterande konstruksjonar.

Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Det skal ikkje etablerast nye bygningskonstruksjonar innafor naturreservatet
- Konstruksjonar som alt finst i området og som kan være til hinder eller skade for friluftsliv og vilt, som gamle gjerde, piggtråd og jernstag frå den tidlegare kraftleidningen, må fjernast



Fugleliv på Smågevatnet

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltingstiltak

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt sett i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Forvaltingsstyresmakta kan ikkje påleggje grunneigarar å utføre skjøtselsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplige resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak med omfattande

Skjøtsel av kystlynghei

For skjøtsel av kystlynghei er brenning eller lyngviing naudsynt. Det er òg ein rask og kostnadseffektiv måte å fornye og forbetre beitet på. For ikkje å få for djup brann er det viktig å brenne om seinvinteren mens marka er fuktig eller frossen. Før tiltaket vert sett i verk skal brannvesen varslast og tilstrekkjeleg hjelpepersonell med sløkjeutstyr må vere tilgjengeleg. Berre erfarne lyngheibrennarar skal drive slik skjøtsel.

aktivitet skal skje i perioden 1. juli til 31. mars. I området med ferdsselsforbod er denne perioden kortare; 1. september til 31. mars. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl.

Til planen er det utarbeidd eit kart, sjå vedlegg 2, og ei liste over tiltaka, sjå vedlegg 4. Beløpa skissert i tiltakslista er grove overslag over kostnadene knytt til kvart tiltak. For kvart tiltak må kostnaden vurderast etter kor mykje pengar som blir løyvd frå sentralt hald kvart år. I tillegg må meir detaljert budsjett settast opp for dei større prosjekta der kostnaden blir utrekna i detalj.

Framande planteartar

Det er viktig å fjerne dei framande artane rynkerose og sitkagran i reservatet. Dei representerar ein reell fare for den lokale floraen ved at dei spreier seg og fortrenger annan vegetasjon. Det er ved dags dato nokre få felt med sitkagran på Røssøya nordvest i reservatet, eit lite felt sør for vatnet og fleire større felt rett utanfor reservatgrensa fleire stader. Nokre rynkerosebuskar står ved gapahuken ved Trollhammaren, sjå detaljert temakart over området i vedlegg 2.

Alle felt med store sitkagran er ved forvaltingsplanens vedtak tatt ut av området. Det er tidlegare tatt ut eitt felt med sitkagran i reservatet, rett nord for Smågevatnet. Da blei tømmeret nytta til forbetring at stien, og kvistavfall blei brend på bart fjell nær vatnet. Ryddinga er å sjå som vellykka, men feltet som vart hogge krev vidare oppfølging for å fjerne nye skot. Sidan frø frå sitkagrana er svært spirevillige og mange, må området som skal hoggast reinskast for nye planteskot jamleg inntil det sluttar å spire. Det er også behov for å dra opp sitkagranskot på sørsida av Smågevatnet der spreying av frø frå granfelt utanfor reservatet er omfattande.

Rynkerosa (*Rosa rugosa*) skal fjernast mekanisk minst tre gongar for året, men å fjerne rynkerose mekanisk er ein omfattande jobb. Direktoratet for naturforvalting (DN) og Bioforsk utarbeidar no ein handlingsplan for rynkerose. Dersom DN i handlingsplanen opnar for bruk av plantevernmiddel i kampen mot framande planteartar, vil fylkesmannen opne for slik bruk område der vi har problem med arten. Metoden som blir nytta er at ein penslar stubbeflata etter at busken er hogd. Gifta trenger ned i rota og dreper ho. Gifta blir brote ned når rota råtnar og kjem ikkje ut i nærmiljøet. Bruk av gift er ikkje ønskeleg, men blir ståande i planen som ein reserveløysing, om det skulle vise seg at mekanisk fjerning ikkje fungerar.

Brann og beite

Smågevatnet naturreservat har kulturlandskap skapt av historisk bruk, derfor er skjøtsel for å ivareta desse kulturlandskapskvalitetane høgt prioritert i forvaltingsplanen. Lyngheia i naturreservatet er prega av moden og til dels gammal lyng. Ein del tre er på veg opp, både bartre og lauvtre, og fleire lauvkratt er i ferd med å bli temmeleg dominerande. I tradisjonell lynghei ville tre og kratt ikkje kunne gro til i same grad sidan heiene blei både brent og beita regelmessig, og ein del av trea, som bjørk, rogn og selje, bør fjernast. Området er framleis eit klassisk kystlyngheilandskap, med skjøtsel er no essensielt for at ikkje området skal gro att på sikt. Lokal interesse og engasjement er avgjerande for at slik skjøtsel skal lykkast på sikt.



Kystlyngheilandskapet i Smågevatnet naturreservat

Det er ikkje kjent at området er brent i tradisjonell forstand i nyare tid anna enn eit mindre område på Røssøya som blei brend i 2005. Fordi gjengroing trugar og kvaliteten på lyng er dårlig, skal det innførast eit sviingsregime som fornyar lyngheia. Det er eit mål å ha så høgt beitetrykk etter ein brann at beitinga held oppslag av busker og tre nede. 15 år er eit passeleg intervall for brenning. Det skal brennast i mosaikk, altså at ein brenner eit lite felt kvart år slik at heile det ønska feltet er brend i løpet av 15 år. Slik unngår ein å stå utan beite for sauene eit år, og risikoen for alvorlege skadar og ukontrollerte brannar er minimal. Samarbeid med lokale grunneigarar og profesjonelle lyngbrennarar er avgjerande for at denne typen skjøtsel skal fungere over tid. Norsk utegangarsau anbefalast for området. På grunn av den lokale interessen er det realistisk å sjå for seg at området kan skjøttast aktivt over lang tid.

Sørvest i reservatet går det storfe. Det har neppe nokre negative konsekvensar for vegetasjon og fugleliv, men ved å samanlikne område med storfe med område med sau og område utan beitedyr i det heile kan ein over tid sjå på utviklinga i vegetasjonsutviklinga. Området sørvest i reservatet blir eit slikt referanseområde for skjøtsel, dette står urørt både for brenning og beite. Det kan opnast for beite også i dette området for å få ei mest mogeleg heilsakleg skjøtta lynghei.

Skjøtselstiltak

- Oppretthalde beiteregime av både sau og storfe
- Brenne llynghøie i reservatet for å betre kvaliteten på beitet
- Fjerne framande artar som sitkagran og rynkerose
- Fjerne lauvtre med stor spreisfare på llynghøie, til dømes rogn

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

Effektiv overvaking av naturområde krev kunnskap om verneverdiane og tilstanden til desse. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Smågevatnet naturreservat har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om reservatet er usystematisk og til dels forelda. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for dei ulike naturtypane i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale for forvaltinga av reservatet i framtida.

Smågevatnet bør overvakast med visse intervall for å kartlegge tempo og mønster på ei eventuell gjengroing, og ein må vurdere tiltak ved kvar revidering av forvaltingsplanen. Verdien av området for våtmarksfugl vart særleg vektlagt ved etablering av vernet. Det er ikkje gjort systematisk oppfølging av flora og fauna i området sidan vernet vart vedtatt, derfor manglar nøyaktige data på utviklinga i området dei siste 20 åra.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Det skal utførast ei taksering av hekkande fugl knytt til Smågevatnet. Det bør òg utførast ei undersøking av den funksjon vatnet har som rastepllass i trektidene.
- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i Smågevatnet naturreservat
- Overvakinga skal gi kunnskap om korleis skjøtselen og bruk påverkar naturkvalitetane

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er laga ei informasjonstavle for Smågevatnet naturreservat. Ho er sett opp på parkeringsplassen ved Trollhammaren og ved ferjekaia på Småge slik at det finst informasjon i startpunktet for stinettet i reservatet, skiltet er vist i vedlegg 5. Tavla er ikkje spesielt veleigna som informasjon til brukarar av området og bør oppdaterast. Informasjonen bør opplyse meir selektivt om brukarinteresser og –retter for reservatet, og kva som er skilnaden på reservatet og friluftsområdet. Reservatet er i tillegg merka rundt grensene med grensemerking og verneskilt. Det manglar ekstra merking for bandtvang heile året. Informasjon om kva fugleartar som held til og besøker reservatet bør settast opp for å auke interessa for verneområdet. Slik informasjon kan settast opp i gapahuken.

Den delen av reservatet som har ferdsselsforbod i hekketida skal merkast med skilt som opplyser om dette. Grensa for dette forbodet over vatnet bør merkast med forankra flytebøyner.

All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Merke ferdsselsforbodssonan
- Verneskila rundt reservatgrensa må få ekstra skilt som opplyser om at det er bandtvang heile året innafor reservatet
- Informere om brukarrettar for reservatet og friluftsområdet, helst ved å oppdatere informasjonstavla for verneområdet
- Informere om dei vanlegaste fugleartane i området

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 4.

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert fulgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrollloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon.

Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærmare presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyremakt bestillar av oppsynsoppgåve hos SNO.

5 SAKSHANDSAMING

5.1 *Forvaltingsstyremakt*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er forvaltningsstyremakt for Smågevatnet naturreservat. Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta skal sendast direkte til fylkesmannen.

5.2 *Lovverk, føringar og forvalting*

Naturvernloven frå 1970 ble oppheva da naturmangfaldloven 19. juni 2009 ble vedtatt. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneførersegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Formålet med verneområdet skal tilleggas stor vekt ved fortolkning av vernevedtak. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke formålet, og "føre var" - prinsippet skal tilleggast vekt ved fortolkning av vernevedtak. Tvil om rettslige rammer i ei verneforskrift bør til dømes tyde at forskrifta fortolkas innskrenkande.

Verneforskrifta for Smågevatnet naturreservat finst som vedlegg 1.

Forvalting av verneforskrifta

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars retter og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar f.eks. ikkje grunneigars rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. (Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltningsstyremakta motorferdsel på sin eigedom i forbindelse med skjøtsel).

Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i grunneigars, rettshavars og publikum si råderett, men kan ikkje gi vernestyremakta eller det offentlige noen særskilt råderett ut over det som følger av høve til skjøtsel etter regelverket. Det oppstår av og til tvil om kor mykje som kan tolkas inn under dei spesifiserte unntaksvedtak. Det er f.eks. ofte tatt inn vedtak i verneforskriftene som fastslår at enkelte tiltak skal være lovleg - utan at man kan slutte at andre typar tiltak som er nødvendig for å gjennomføre det lovlige tiltaket også er lovleg.

Forvaltinga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltingsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding.

Forståing av unntak frå forskrifta

Kap V i verneforskrifta listar opp ei rekke aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Punkt 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta.

Punkt 2 omhandlar beite, dette er lovleg i reservatet, men må eventuelt klarerast med grunneigar.

Punkt 3 stadfester at vedlikehald av grøftelaup i reservatet er lov. Det finst ingen grøftelaup innafor reservatet, derfor er dette punktet uaktuelt for Smågevatnet naturreservat.

Punkt 4 er ei referanse til friluftslova, som stadfester allemannsretten.

Punkt 5 nemner fiske i reservatet. Dette er tillate etter dei lover og forskrifter som for tida gjeld. Medrekna er fiske etter til dømes krabbe og hummar. Sanking av skjell og liknande er lov med løyve frå grunneigar. Sanking av tang og tare er ikkje lov.

Punkt 6 viser til at motorferdsel i næringsføremål er lov. Det er ingen næringsføremål innafor reservatgrensa som treng bruk av motorkjøretøy i reservatet slik det står i dag. Vi oppfattar difor dette punktet i verneforskrifta som uaktuelt slik situasjonen er no.

Punkt 7 opnar for jakt av villmink. Det bør nyttast slagfelle for å unngå å påføre dyra liding. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske. Skytevåpen bør ikkje nyttast i reservatet.

Kap VI viser til dei tilhøve der fylkesmannen kan gje løyve etter søknad. Sjølv om dispensasjonsheimelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må ein dispensasjon også vurderas ut frå verneformålet og naturforholda i det enkelte området. Det bør gis dispensasjon for tiltak som bidrar til å fremme verneverdiane. Slik bruk kan også vurderast som eit ledd i forvalting for å bevare verneverdiane.

Punkt 1 gir tilsynelatande høve til jakt etter dispensasjon dersom ein art er i mistilhøve til andre artar eller miljøet. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i reservatet og gir ikkje høve til felling av til dømes ramn eller grågås i reservatet.

Punkt 2 nemner etablering av grøftelaup for drenering av anna areal, men også dette er ei uaktuell problemstilling i reservatet.

Punkt 3 opnar for konstruksjonar av ulik art, her er det berre nyoppføring av gjerde som er aktuell. Dette inkluderer også elektriske gjerde. Ein søknad om å setje opp gjerde må inkludere eit kart der gjerdet er teikna inn.



Blomsterprakt ved Trollhammaren

Generelt om dispensasjon frå forskrifta

Etter overgangen til naturmangfaldloven 1.juli 2009 gjeld no naturmangfaldlovens § 48 i staden for den generelle dispensasjonsbestemminga i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandles etter § 7 i verneforskrifta for Smågevatnet naturreservat, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane i verneforskrifta § 5 gjelder framleis. Naturmangfaldlovens § 48 er sitert nedst i vedlegg 1 – verneforskrifta.

Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Smågevatnet naturreservat.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert behandla etter anna lovverk.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal sendast Direktoratet for naturforvalting via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseie at vedtaket kan omgjerast. Dersom forvaltingsstyremakta opprettheld sitt vedtak skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvalting for endeleg handsaming og vedtak.
4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Aukra kommune, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsynt.

Behov for endring av forskrifta

Verneplanen for våtmark var den første verneplanen som var vedteken her i fylket. Forskrifta er laga etter ein mal som på fleire punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for naturreservat, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Dette vil fylkesmannen samordne med andre verneområde i denne verneplanen og handsame som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Endring av grensa til verneområdet

Den gjeldande grensa for reservatet går fram av kart i målestokk 1:5.000 datert Miljøverndepartementet 1987. Merkinga av vernegrensa i terrenget vart gjort i ei tid utan tilgang på GPS-utstyr og inneheld større og mindre avvik frå kartet. Vi tar sikte på flytte aktuelle knekkpunkt på grensa slik at det blir best mogleg samsvar mellom nedsette grensemerke og vernekartet. Dersom den juridisk gjeldande grensa skal flyttast må saka leggast fram for Direktoratet for naturforvaltning eller Miljøverndepartementet. Dette vil bli ei eiga sak, og vil ikkje endre tiltak og bevaringsmål i forvaltningsplanen.

6 FORVALTINGSPLANENS TIDSPERSPEKTIV

Forvaltingsplanen for Smågevatnet naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år, første gong i 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standarar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

7 REFERANSAR

Artsdatabanken, 2006. *Norsk Rødliste 2006.*

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>. 15.08.09

Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007.*

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>. 20.09.09

Nilsen, L.S, Fløistad, I.S. og Bele, B, 2008. *Bekjempelse av rynkerose (Rosa rugosa) – Utprøving av metodikk (mekanisk og kjemisk) i Rinnleiret naturreservat og Ørin naturreservat i Levanger og Verdal, Nord-Trøndelag.* Bioforsk papport Vol 3 nr 163 2008.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning.*

www.dirnat.no, 03.08.09.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 27 – Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv.* www.dirnat.no, 12.08.09.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast tilverneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke.* A/S E.K. Hansen Eftf. Aasgård & Sønn, Molde.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge.* Miljøverndepartementet.

Jordal, J.B., 2000. *Kartlegging av biologisk mangfold i Aukra kommune.* Ressurssenteret i Tingvoll, Aukra.

Jordal, J.B. og Gjul, K.B., 2004. *Biologisk mangfold i ferskvann i Møre og Romsdal – en kunnskapsstatus.* Rapport 2-2004. Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon.* Statens kartverk, Hønefoss.

Norderhaug, A. 1991. *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker.* Kap 10; Kystlynghei. Landbruksforlaget, Fagernes.

Norsk institutt for naturforskning, 1991. *Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare.* NINA-utredning. Trondheim.

Røa, Knut og Julnes, Johan, 1995. *Aukra gjennom tidene 1995 – krigsår og fredsfeiring.* Aukra. Pp 70-71.

Nettstader

Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase.* www.dirnat.no

Lovdata, 2009. www.lovdata.no/

Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernavdelinga.

Vedlegg 1

FOR 1988-05-27 nr 404: Forskrift om vern av Smågevatnet naturreservat, Aukra kommune, Møre og Romsdal.

DATO: FOR-1988-05-27-404
KATEGORI: MV (Miljøvern/vilt)
AVD/DIR: Naturvern og friluftsliv
PUBLISERT: II 1988 s 253
IKRAFTTREDELSE: 1988-05-27
SIST-ENDRET:
ENDRER:
GJELDER FOR: Aukra kommune, Møre og Romsdal
HJEMMEL: LOV-1970-06-19-63-§8 , jf-§10 og-§21, LOV-1970-06-19-63-§22 og-§23
SYS-KODE: BG08, D02
NÄRINGSKODE: 9129
KORTTITTEL: Forskrift om naturreservat, Aukra

Forskrift om vern av Smågevatnet naturreservat, Aukra kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jf § 10 og § 21, § 22 og § 23 er eit våtmarksområde ved Småge i Aukra kommune, Møre og Romsdal fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Smågevatnet naturreservat.

II

Det freda området berører følgjande gnr/bnr:

4/1, 3, 4, 6, 9.

Reservatet dekkjer eit areal på ca 1.099 dekar, av dette ca 368 dekar sjøareal.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Kartet og fredingsføresegne blir oppbevarte i Aukra kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

IV

For reservatet gjeld følgjande føresegner, jf likevel punkta V - VI:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade og øydelegging.

Nye planteartar må ikkje innførast.

2. Alt vilt, medrekna hi, reir og egg er freda mot all form for skade, øydelegging og uturvande uroing, jf § 3 i viltlova. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.

Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.

Utsetjing av vilt er ikkje tillate.

3. Det må ikke iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, under dette oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegrar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmiddel.

Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsel til lands, samt lågtflyging under 300 m er forbode. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Bruk av seglbrett er forbode.

Camping, teltslagning og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.

I tida frå og med 1. april til og med 31. august er ferdsel i dei vegetasjonsdekte områda i Smågevatnet forbode, jf avgrensing på kart.

V

Føresegnene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Beiting.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Sanking av bær og matsopp.
5. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
6. Motorferdsel til bruk i næringsføremål.
7. Jakt på villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.

VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike artar eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
3. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg, oppføring av gjerde m.m.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtselsplan, som skal innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VIII - UTGÅTT, sjå naturmangfoldlova § 48

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsføresegnene når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

IX

Forvaltinga av fredingsføresegnene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

X

Disse fredingsføresegnene trer i kraft straks.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldloven)

§ 48. dispensasjon fra vernevedtak

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.


Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Kjelde: www.lovdata.no

Smågevatnet naturreservat

-  Juridisk reservatgrense etter kgl. res.
-  Reservatgrense slik ho er merka i terrenget
-  Område med ferdelsforbod
-  Plantefelt med sitkagran
-  Område lyngbrent i 2006
-  Sauegjerde
-  Tursti
-  Støttestag for ledningsmast
-  Trimboks
-  Rynkerose
-  Gapahuk

Målestokk 1:6 000



Vedlegg 3 – registrerte fuglar i Smågevatnet naturreservat

Liste over fuglar som er observert i eller i direkte nærhet av Hjertvika naturreservat gjennom dei siste 30 år. Alle raudlista artar er merka med raud farge. Status er delt inn i følgjande kategoriar, der dei seks første kategoriane er å sjå som raudlista: RE = Regionalt utdøydd, CR = Kritisk trua, EN = Sterkt trua, VU = Sårbar, NT = Nær trua, DD = Datamangel, LC = Livskraftig, NA = Ikkje egna, NE = Ikkje vurdert. Informasjonen er usystematisk og mangelfull, og bør derfor oppdaterast. Data: Artsdatabanken.

| Art | Raudlistestatus | Merknader |
|-----------------|-----------------|--|
| Alke | LC | Næringsøkjande |
| Brunnakke | LC | Hekkar ? |
| Dvergdykkar | NT | |
| Enkeltbekkasin | LC | Hekkar |
| Fiskemåke | LC | Hekkar |
| Grågås | LC | Hekkar |
| Gråhegre | LC | Næringsøkjande |
| Gråmåke | LC | Hekkar |
| Gråstrupedykkar | NA | Næringsøkjande |
| Havelle | LC | Næringsøkjande |
| Havørn | LC | Nyttar ofte sitteplassar i området |
| Heipiplerke | LC | Hekkar |
| Horndykkar | EN | Næringsøkjande |
| Krikkand | LC | Hekkar |
| Kvinand | LC | Hekkar |
| Krykkje | VU | Næringsøkjande |
| Kråke | LC | Hekkar |
| Lomvi | CR | Næringsøkjande |
| Løvsanger | LC | Hekkar |
| Låvesvale | LC | Næringsøkjande |
| Makrellterne | VU | Hekkar |
| Ramn | LC | Hekkar |
| Ringdue | LC | Hekkar |
| Rødstrupe | LC | Hekkar |
| Sandsvale | LC | |
| Sangsvane | NT | Vinterbeite, næringssøkjande i området |
| Siland | LC | Hekkar |
| Sivspurv | LC | Hekkar |
| Sjørre | NT | Næringsøkjande |
| Snadderand | VU | |
| Sothøne | LC | |
| Strandsnipe | LC | Hekkar |
| Stokkand | LC | Hekkar |
| Storskjav | LC | Næringsøkjande |
| Svartbak | LC | Næringsøkjande (hekkar?) |
| Teist | NT | Næringsøkjande |
| Tjeld | LC | Hekkar |
| Toppand | LC | Hekkar |
| Toppskarv | LC | Næringsøkjande |
| Ærfugl | LC | Hekkar (næringsøkjande) |

Samleskjema for ulike tiltak i Smågevatnet naturreservat

| Tiltak | Prioritet | Utførande aktør | Finansiering | Gjennomføra st | Merknad |
|--|-----------|----------------------------|---------------|---|--|
| Kartlegging av fugleliv | Høg | Fylkesmannen | DN | Årleg | |
| Skjøtsel (brenning) av llynghei | Høg | Mork Utegangar | DN | Kvart 10 – 15 år. | Behovet for brenning må vurderast med revideringa av forvaltingsplana. Kap 4.1 |
| Opprette/vedlikehalde berekraftig beiteregime | Høg | Grunneigar/Mork Utegangar | | Årleg | Beitetrykk og -artar må vurderast ved revideringa av forvaltingsplana. Kap 4.1 |
| Ekstramerking av reservatskilta med bandtvangskilt | Høg | SNO | SNO | 2010 | Kap 4.2 |
| Felling av sitkagran | Høg | SNO | SNO | 2010 | Kvist må ikkje ligge igjen i reservatet. Kap 4.1 |
| Rydding av strandsona | Middels | Aukra kommune | Aukra kommune | Ved behov | |
| Fjerne skot av sitkagran | Middels | Ikkje klarlagt pr 24.02.10 | DN | Årleg | Kap 4.1 |
| Fjerning av rynkerose | Middels | Friluftsrådet | DN | Minst 3 gonger for året inntil ho er vekk | Bør gjerast mekanisk, men kan vurderast fjerne ved å pensle på plantevernmiddel dersom mekanisk fjerning ikkje er effektivt på sikt. Kap 4.1 |
| Fjerne rester av jernstag og impregnerte stolpar etter høgtspentleidning | Middels | SNO | DN | 2010 | |
| Merking av ferdsselsforbodssonan | Middels | SNO/Aukra kommune | SNO | 2010 | Merking av vassflata var ein klausul ved godkjenning av Aukra kommune/Friluftsrådets aktivitetar ved Smågevatnet (gapahuken). Kap 4.1 |
| Felling av mink | Lav | Aukra JFF | DN | Årlig | Fylkesmannen skal godkjenne feller som skal brukast. Kap 3.3 |
| Merke opp vernegrensa på nytt i samsvar med kgl. res. | Lav | Fylkesmannen/SNO | SNO | | Det viktigaste er å forandre grensene i dei digitale karta for å unngå problem i framtidig sakshandsaming |

Smågevatnet naturreservat



Smågevatnet i Aukra kommune vart freda som naturreservat 27.mai 1988. Det freda området dekkjer eit samla areal på 1.099 dekar. Av dette er 368 dekar sjø og vatn. Grensene for reservatet er merka i terrenget med pålar og skilt.

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit vegetasjonsrikt vatn som mellom anna er ein viktig hekkeplass for enkelte våtmarksfuglar.


I fredingsområdet finn vi eit småkupert og ope kystlandskap med lyngmark og knausar med fleire holmar utanfor. I lågdragar er det ein del myrsekk. Langs sjøen er det fleire grunne småbukter og vågar med små mosaikkar av strandeng. Kjemen i reservatet er Smågevatnet, eit lite, grunt og frodig vatn. Her er det store snelle- og starrflett og rikeleg med flytebladsvegetasjon og undervassplanter. Fleire kravfulle plantearter tyder på stor næringsrikdom. Elles er området heller vegetasjonsfattig, men med rikare lauvkritt på lune stader.

Smågevatnet er det einaste ferskvatnet av betydning på den myrlende og fuglerike øya Gossen. Det frede området er av særleg interesse som hekkeplass for våtmarksfuglar, og som rasteplass for fugl på trekk.

Blant hekkefuglane merkar ein seg serleg ein god bestand av grågås. Vidare har vatnet ein bra bestand av flere graserender og meire kravfulle våtmarksarter som t.d. toppand og sothane. I trekktidene beiter grågås, ender og periodevis songsvaner i vatnet.

Med sin rike vassvegetasjon er Smågevatnet og av botanisk interesse med fine soneringar og dels meir kravfulle arter. På sørverdene skrentar i området rundt vatnet finst det også meir kravfulle, terrestriske plantesamfunn.

- Grense naturreservat:**
- Grense for område med ferdselsforbod 1. april - 31. august
- Dyrka mark**
- Øvrige landområde**
- Myr**



FRÅ VERNEBESTEMMELSEN BØR DU MERKE DEG:

- All vegetasjon i vatn og på land er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig uroing.
- Utsetjing av vilt er forbode.
- Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode.
- Hundar må ikkje sleppast lause i reservatet.
- Motorisert ferdsel til lands og lågtflyging under 300 m. er forbode.
- Bruk av modellfly og modellbåtar er forbode.
- Bruk av seglbrett er forbode.
- Camping, teltslagning og oppsettjing av kamuflasje for fotografering er forbode.
- I reservatet må det ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva i området (t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, plassering av campingvogner, framføring av luftledninger, jordkablar, bygging av vegar, uttak eller lagring av masse m.m.)
- I tida f.o.m. 1.april t.o.m. 31. august er all ferdsel i dei vegetasjonsdekte områda i Smågevatnet forbode. (Sjå avmerka område på kart).



Toppand (Aythya fuligula)hann.

VERNEBESTEMMELSENES TILLET LIKEVEL:

- Beiting av husdyr.
- Vedlikehald av grøfteutlaup som drenerer tilgrensande jordbruksareal etter at forvaltingsstyresmakta er varsle.
- Plukking av bær og matsopp.
- Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld.
- Motorferdsel i samband med næringsverksamdi.
- Jakt på villmink i samsvar med Villlova.


FORVALTINGSSTYRESMAKTA KAN M.A. GJE LØYVE TIL:

- Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal.
- Bygging av pumphus, legging av vassleidningar, oppfaring av gjerde m.m.

Forvaltingsstyresmakta kan gjennomføre skjøtselstiltak som er i samsvar med fredningsføremålet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 6400 Molde, er ansvarleg for forvaltinga av reservatet, og kan gje nærmere opplysningar om området.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



Grågås (Anser anser)

Saksbehandling forvaltingsplan for Smågevatnet naturreservat

Melding om oppstart av arbeidet med ein forvaltingsplan blei sendt ut ved brev av 07.08.2008. Det blei opplyst at både kommune, grunneigarar og andre kunne komme med innspel til forvaltingsplanarbeidet innan 08.09.2008. Det blei arrangert eit oppstartsmøte, men ingen møtte. Det kom ingen innspel verken frå grunneigarar eller kommunen.

Nordmøre og Romsdal Friluftsråd kom med generelle synspunkt til forvaltingsplanar i ein e-post av 06.11.2008.

Forslaget frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til ein forvaltingsplan for reservatet blei sendt på høyring den 06.11.2009, med høyringsfrist 31.12.2009. Det kom fem merknader til høyringsutkastet.

Aukra kommune kom med ein merknad til planen som blei sendt oss 11.01.2010.

Kommunen er positiv til forvaltingsplan, men har nokre kommentarar til innhaldet, mellom anna til brukshistoria. Kommunen meiner det er viktig å ha fisk i vatnet og å leggje til rette for at han kan gå opp elveosen, og at dette er ein stor del av friluftslivet det er lagt til rette for så langt. Kommunen er positiv til minkfelling og foreslår skotpremie for å stimulere til fangst. Opplysningsvis blir det kommentert at det er gjennomført tiltak som gjer at tilsig av vatn inn i Smågevatnet ikkje lenger er forureina. Vidare blir det understreka at planen må leggje til rette for eit godt samarbeid med dei som har dyr på beite i området. Kommunen har til no tatt initiativ og økonomisk ansvar for å få rydda strandsona, men ønskjer samarbeid med fylkesmannen om dette. Til slutt blir det kommentert at kommunen er svært positiv til fokuset har planen på friluftsliv og verdien området har for rekreasjon, men seier seg einig med Friluftsrådet at dei økonomiske og strukturelle rammene for skjøtselsarbeidet må kome klarare fram i planen.

Nordmøre og Romsdal Friluftsråd kommenterte planen ved brev 28.12.2009. Friluftsrådet meiner at forvaltingsplanen er for omfattande, og at det er urealistisk å løyse skjøtselsoppgåvene på ti år. Det er behov for betre kartlegging av fugleliv, og kartlegging av floraen er ønska. Friluftsrådet meiner at fylkesmannen agerer i strid med verneforskrifta når det ikkje opnast for utsetjing av fisk og varslar ei klage om dette ikkje blir endra i planen. Omsyn til sjøaura må inn som ein del av planen. Både stålråd, restar etter stolpar og generelt søppel må fjernast. Ansvaret for oppmerking av ferdsselsforbodsona må leggast til kommunen. Friluftsrådet etterlyser økonomisk kompensasjon for å fjerne rynkerosa og meiner samstundes at gift ved slik fjerning er uakseptabelt. Friluftsrådet kommenterer at Mork Utegangar bør stå som utførande aktør på beiteregime i tiltakslista, og kommenterer brenning og beite i eit historisk perspektiv. I tillegg ber dei om at fylkesmannen tar tak i kanadagåsa som problemart i fylket.

Norges Naturvernforbund gav ei fråsegn til planen ved brev 03.01.2010.

Naturvernforbundet meiner at det manglar mykje bakgrunnskunnskap om reservatet i planen og at fylkesmannen ”synser” usystematisk om utviklinga av naturfaglege verdiar i området. Det er eit krav frå Naturvernforbundet at fylkesmannen byggjer opp kompetanse for å følgje

utviklinga i naturen og effekten av skjøtselstiltak. Det blir vidare peika på at det ikkje bør stå i tiltakslista kven som skal være ansvarleg aktør da dette kan endrast om nokre år. Rester av kraftstolpane bør fjernast, i tillegg til jernstaga. Kommentaren i tiltakslista om at fylkesmannen subsidierer minkfeller meiner naturvernforbundet ikkje er naudsynt.

Peder Småge kommenterte planen i e-post av 28.12.2009. Han påpekte at vernegrensene ikkje er i samsvar med avtalen som blei gjort på vernetidspunktet, og at Smågevatnet er felles eige mellom eigarane på Gnr 4.

Statens naturopsyn (SNO) kommenterer planen i ein e-post av 06.01.2010. Dei ber om ei presisering av den mynda dei har i samsvar med miljøvernlovene.

Fylkesmannens kommentar:

Merknadene har i stor grad same innhald og blir derfor kommentert samla. Vi vil merke at forvaltingsplanprosessen har den vedtekne verneforskrifta som rammegjevande, og det har såleis ikkje lege i mandatet å foreslå endringar i forskrifta. Fylkesmannen kan ikkje tillate aktivitet som er i strid med verneforskrifta. Vi minner om at verneforskrifta må sjåast i samanheng med verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. For å få med naudsynt langsiktig informasjon for alle interessegrupper må planen vere av ei slik lengde som han er no.

Vi er einige i at kunnskap om naturfaglege verdiar og utvikling er mangelfull. Det har ikkje vore ei målsetjing å kartlegge dette før forvaltingsplanen er vedtatt, dette er heller ein del av planen si målsetjing. Resultat av skjøtselstiltak er viktige element for utvikling og revidering av planen. Det er ikkje ei målsetjing å løyse skjøtselsoppgåvene på ti år, planen gjeld lenger enn det, men ved revidering skal både bevaringsmål og skjøtselstiltak vurderast og, om naudsynt, endrast. Ein viktig del av planen er å klargjere behov for tiltak i området og effekten av dei tiltaka som er utprøvd. Der utviklinga av naturfaglege verdiar i området er kommentert i planen er dette gjort etter samråd med lokale fagfolk, då det er den beste tilgjengelege kunnskapen vi har i dag. Kartlegging av floraen kan dessverre ikkje prioriterast i denne omgangen. Merknader om historisk bruk er tatt med i planen. Fylkesmannen meiner at planen må vere av eit slikt omfang for å dekkje informasjonsbehovet til alle interesserte brukarar.

Rettingar til eigedomsgrensene er tatt med i planen.

Å gjeninnføre fisk i Smågevatnet er etter vår mening i strid med verneforskrifta kap IV punkt 3, og vi finn at ein dispensasjon er i strid med verneformålet. Fylkesmannen kan derfor ikkje gi løyve til dette i framtida. Ei eventuell utsetjing krev løyve etter laks- og innlandsfiskeloven, men fylkesmannen er ikkje innstilt på å gi slikt løyve. Kap V.5 i verneforskrifta opnar for fiske, men gir ikkje heimel til utsetjing av fisk i Smågevatnet. Det er førebels ikkje aktuelt med skotpremie på mink, men fylkesmannen vil subsidiere feller til Aukra Jeger og Fisk som har påtatt seg ansvar for minkfangst.

Fylkesmannen vil også i framtida samarbeide med folk som har beitedyr i reservatet, og ser på beitedyr som ein viktig og positiv del av skjøtselen i området. Det er fleire aktørar som har beitedyr i reservatet, så vi endrar *utførande aktør* på beiteregime i tiltakslista til ”Grunneigar/Mork Utlegangar”.

Kanadagås er ein svartelista art og det er ikkje ønska at ho etablerer seg i reservatet. Men jakt på kanadagås er ikkje nemnt i verneforskrifta, så dette krev dispensasjon etter naturmangfaldloven § 48, i tillegg til dei rammene som viltloven sett.

Å fjerne rynkerose (*Rosa rugosa*) mekanisk er ein omfattande jobb og fylkesmannen set pris på at friluftsrådet vil ta på seg denne oppgåva. Vi vil kompensere dette økonomisk etter avtale, og sett ei grense på fem år for å fjerne rynkerosa permanent. Direktoratet for naturforvalting (DN) og Bioforsk utarbeider no ein handlingsplan for rynkerose. Dersom DN i handlingsplanen opnar for bruk av plantevernmiddel i kampen mot framande planteartar, vil fylkesmannen opne for slik bruk område der vi har problem med arten. Metoden som blir nytta er at ein penslar stubbeflata etter at busken er hogd. Gifta trenger ned i rota og dreper ho. Gifta blir brote ned når rota råtnar og kjem ikkje ut i nærmiljøet. Bruk av gift er ikkje ønskeleg, men blir ståande i planen som ein reservaløysing, om det skulle vise seg at mekanisk fjerning ikkje fungerer. Fjerning av impregnerte stolpar blir tatt med i planen i tillegg til fjerning av gamle jernstag.

Alle felt med sitkagran er i løpet av vinteren 2010 tatt ut av reservatet, SNO var ansvarlege for arbeidet. Alt tømmer er tatt ut og skal fraktast til grunneigar, kvist og mindre greiner blei brent på staden, og arbeidet er å sjå som vellykka. Området må ryddast for nye skot kvart år.

All skjøtsel blir gjort i samråd med eller av SNO, som har brei erfaring med praktiske tiltak. Finansiering er kobla opp til Fylkesmannen dialog med Direktoratet for naturforvalting, denne blir klar i februar. Vi presiserer ordlyden om SNO sitt mynde etter miljøvernlovane i kap 4.4 i samsvar med forslaget frå SNO. Skjøtselstiltak er sett i gang ved tidspunkt for vedtak av planen, derfor er det gjort nokre mindre endringar i kap 4.1.

Vi vil minne om at vern etter naturmangfaldlova står sterkare enn friluftsinteressene. Men området er både naturreservat og delvis statleg sikra friluftsområde og det er viktig for fylkesmannen at begge føremåla kjem fram. Arbeidet friluftsrådet har gjort i området er svært positivt, og det er eit mål at området skal vere av høg verdi for rekreasjon også i framtida.

Avslutningsvis vil fylkesmannen takke for gode og konstruktive innspel i planprosessen.

Plangodkjenning

I denne godkjente planen er redigeringa noko endra, men innhaldet er elles i hovudsak som i høyringsutkastet, med unntak at dei punkta det er gjort greie for i denne saksgjennomgangen.

Godkjenningsvedtaket står på side 3.